

Susan Karianne Fjeld  
Fjellavegen 133  
5357 Fjell

Dato: 03.05.2017  
Vår ref.: 2015/10280-29  
Saksbehandlar: anjsetr  
Dykkar ref.:

## **Grunneigarvarsel - Arkeologisk registrering med maskin i samband med planarbeid for fv. 555 Kolltveit-Austefjorden, Fjell kommune**

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan for ny fv 555 frå Kolltveit i Fjell kommune til Austefjorden i Sund kommune datert 08.10.15, samt vårt brev datert 13.05.16 med varsel om arkeologiske registreringar heimla i § 9 i kulturminnelova i samband med planarbeidet.


Delar av planområdet er naudsynt å undersøke ved maskinell fleteavdekking. Dette brevet er sendt heimelshavarar i areal kor vi ønskjer å bruke gravemaskin for å avklare om det kan finnast automatisk freda kulturminne under matjorda. Areal kor vi vil nytte gravemaskin til registrering er markert på vedlagt kart med raud farge. Avgrensinga for planområdet er markert med rosa farge.

Registreringa i området vil gå føre mellom 18.-24.05.2017.

Ved registrering med gravemaskin vil vi avdekke matjord og eventuell annan overdekkande masse ned til undergrunn, vanlegvis i ei breidde på 3-4 m. Lengde, djupne og kor tett sjaktene ligg, vil variere mykje avhengig av topografi og funnsituasjon. Lengda på sjaktene kan til dømes variere frå om lag 10 meter og opptil 50-60 meter eller meir. Djupne på dei einskilde sjaktene avheng av kor mykje masse som må fjernast for å komme ned til undergrunnen. Erfaring viser at dette kan variere svært mykje. I areal med skrinn matjord (20-25 cm) er det tilstrekkeleg å fjerne denne, medan i areal med påfylte massar eller eventuelt rasmassar, kan det vere naudsynt å fjerne opptil 3-4 meter masse i djupna. Kor tett sjaktene ligg vil variere med lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn, men ein avstand mellom sjaktene på 8 til 15 meter er ikkje uvanleg. Alle sjakter blir fylt igjen etter at eventuell nødvendig dokumentasjon er utført, så langt det er praktisk mogeleg blir gjenfylling utført fortløpande. Særleg djupe sjakter blir prioritert fylt igjen så raskt som mogleg. Matjord som er fjerna i sjaktene blir lagt tilbake, men oppgravd areal blir ikkje sådd på nytt.

Dersom areal blir pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som blir råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil fylkeskommunen innhente opplysningar om nedgravde kablar og røyr i dei aktuelle areala frå Fjell kommune og andre kabeleigarar.

Vi ber om at dykk tek kontakt kom dykk har opplysningar knytt til området som kan verke inn på vår undersøking, f.eks. gravearbeid, påfylling eller uttak av massar.



Tiltakshavar, i dette tilfellet Fjell kommune, er ansvarleg for eventuelle avlingstap, skader eller ulemper som følge av registreringane. Fylkeskommunen si arkeologiske registrering er planlagt på grunnlag av dei kart vi har motteke frå Fjell kommune i samband med planarbeid for ny fv 555 Kolltveit-Austefjorden. Vi gjer merksam på at planen er under arbeid, og at trasè og andre detaljar i planen ikkje er endeleg fastsett på dette stadiet.

Dersom dykk har spørsmål knytt til den arkeologiske registrering i området kan dykk ta kontakt med Fylkeskonservatoren ved feltkoordinator Anja N. Sætre på 55 23 99 98 eller [anja.nordvik.saetre@hfk.no](mailto:anja.nordvik.saetre@hfk.no). Vi

ber om at ein tek kontakt med Fjell kommune dersom ein har spørsmål vedrøyrande trasè, avgrensing av planområdet eller planarbeidet elles.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*